

ARD AREALPLAN AS
7 etasje Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN


Dato: 22.08.2017
Vår ref.: 2016/6549-21
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: Ard16026

Att. Hedvig Godvik Olsen


Tilbakemelding etter arkeologisk registrering i samband med områdeplan for Haukeland Søndre - gnr 84 bnr 4 mfl. - Radøy kommune

Vi viser til varsel om oppstart av områdeplan for Haukeland Søndre, gnr. 84, bnr. 4 mfl. i Radøy kommune, og vårt brev datert 08.08.2016 med varsel om arkeologisk registrering. Kostnadsoverslaget for den arkeologiske registreringa vart godkjend av tiltakshavar 29.11.2016. Viser også til vidare korrespondanse i saka, seinast i e-post frå oss med mellombels svar etter arkeologisk registrering datert 06.07.2017.


Den arkeologiske registreringa vart gjennomført 09.05.-10.05, 15.05.-16.05. og 19.05.2017. Under registreringa vart det påvist to automatisk freda kulturminne, eit aktivitetsområde frå bronsealder-jernalder og ein steinalderbuplass. Kulturminna har fått id-nummer 230316 og 230317 i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden (sjå kart 1-3).



Kart 1: Oversiktskart over automatisk freda kulturminne i det aktuelle området (etter Askeladden.ra.no).



Kart 2: Kart over automatisk freda busetnad-aktivitetsområde med Askeladden id. 230316.



Kart 3: Kart over automatisk freda steinalderbuplass med Askeladden id. 230317 og omsynssone H570.

Gjennom reguleringsplanen skal kulturminna sikrast vern for framtida ved hjelp av omsynssoner. Sjølve automatisk freda kulturminna, inkludert 5 meters sikringssone, skal markerast som omsynssone d, sosi-kode H730, i plankartet, jf. plan og bygningslova § 11-8. For å sikre framtidig vern skal steinalderbuplassen, Askeladden id. 230317, leggest i ei større, samanhengande, omsynssone c, sosi-kode H570, jf. plan og bygningslova § 11-8 (sjå kart 3). Omsynssone c skal kombinerast med andre arealføremål som ikkje er i konflikt med vern, som til dømes friluftsområde.

Omsynssonene må også innarbeidast i føresegna til planen. Vi ber om at følgjande tekst vert teke med i føresegna:

«Omsynssone H730_1 og H730_2 er automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 230316 og 230317, og er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setja i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemma kulturminna, eller framkalle fare for at det kan skje.»

«I omsynssone H570 ligg det eit automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 230317, som er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setja i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemma kulturminna, eller framkalle fare for at det kan skje.»

Rapport frå registreringa og faktura for arbeidet vert ettersendt tiltakshavar.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.